

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M73	17/316

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2017	Formannskapet	PS	12.09.2017
051/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

Etablering av nytt øvings- og kompetansesenter for GMBR

Vedlegg:

Journalposttittel

Utgreiing om øvings og kompetansesenter GMBR

Dato

04.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.
2. Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane.
3. Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gulen og Masfjorden kommunar har eit avvik på brannmannskapa i forhold til kompetanse. Det har tidlegare vore gjeve dispensasjon frå kompetansekrava, men frå 1. januar 2017 vart dispensasjonen teken bort og no står manglande kompetanse som eit avvik hjå kommunane.

I 2011 beslutta kommunane å samarbeida om brann og redningstenesta og GMBR vart ein realitet.

Eit av måla med satsinga på beredskap då var at ein skulle få på plass den kompetansen som var naudsynt og ein starta arbeidet med dette.

Det fyrste steget i rett retning var då ein våren 2013 hadde dei fyrste 20 av mannskapa ferdig utdanna. Desse vart utdanna lokalt gjennom helgesamlingar. Dette viste seg å vera ein krevjande prosess både økonomisk og praktisk. Ikkje minst fordi mannskapa måtte reise til Florø for å få gjennomført den praktiske delen av utdanninga. Det er krevjande for mannskap å være borte frå hovudarbeidsgjevar og familie i fleire dagar. Dette er bakgrunnen for at ein no ynskjer å etablera eit eige øvingsfelt lokalt.

Fakta

Gulen og Masfjorden Brann og Redning har eit behov for og ynskje om å etablere eit lokalt øvingsfelt for brannmannskapa. Det same har alle dei andre kommunane i regionen. Konkret kan nemnast Lindås, Meland, Radøy, Modalen, Solund, Fedje, Austrheim, Hyllestad, Høyanger og Fjaler. Det er ingen godkjende slike øvingsfelt mellom Osterfjorden og Sognefjorden i dag.

I samband med utredning av anlegget har det vore god dialog både med Norges Brannskole og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, samt andre aktørar som fylkesmannen og sivilforsvaret. Alle desse er tydeleg på at det er behov for eit slikt anlegg og ser svært positivt på at ein etablerer eit slikt senter her.

Representantar frå brannvesenet har vore sendt rundt, delvis i regi av DSB, for å sjå korleis ein løyser dette rundt omkring i landet. Dette på bakgrunn av at ein ynskjer at anlegga som vert etablert, skal ha den nyaste teknologien som er tilgjengeleg for å ivareta elevar, instruktørar og omgjevnader med tanke på miljø og utslepp.

Vurdering

Om ein etablerar eit lokalt øvingsfelt får ein dekkja behovet for opplæring og øving av lokalt brann og redningspersonell i nærområdet. Dette vil gje eit rimeleg og brukartilpassa tilbod. Det er også stor pågang frå nabokommunane for å få eit slikt tilbod i nærområdet.

Norges Brannskole og DSB har vore på befaring og ynskjer å bidra med å få etablert dette anlegget. Dette med bakgrunn i at denne regionen har stort avvik på kompetanse blant brannmannskapa og dei ynskjer å bidra til å leggja til rette for at kommunane kan få lukka desse .

Den økonomiske risikoen med dette prosjektet er relativt låg. Risiko rundt forureining er marginale ved bruk av dagens teknologi, samt at det er lagt opp til at selskapet leiger areal og fasilitetar knytt til oppsamling av avrenning frå feltet.

Konklusjon

1. Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.
2. Kostnadsramma med etablering er sett til kr. 200 000,- for kvar av kommunane.
3. Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

Formannskapet - 075/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Brannsjef Sigvald Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. **Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.**
2. **Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane.**
3. **Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.**

Kommunestyret - 051/2017

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

John Torsvik (H) stilte spørsmål om han var inhabil i saka sidan han er medeigar i eit av selskapa som tilbyr tomt til øvings- og kompetansesenteret for GMBR. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik av habil.

Rådmannen la fram følgjande framlegg til endring i framlegg til vedtak:

2. **Kostnadsramma med etablering er sette til kr 200 000,- for kvar av kommunane. Masfjorden kommune sin del vert finansiert over driftsbudsjettet.**

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. **Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.**
2. **Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane. Masfjorden kommune sin del vert finansiert over driftsbudsjettet.**
3. **Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.**